



NOREGS HØGSTERETT

Den 22. januar 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Matningsdal, Bergsjø og Høgetveit Berg i

HR-2018-128-U, (sak nr. 2017/2229), straffesak, anke over dom:

I.

A

(advokat Mehvish Taj Haider)

mot

Den offentlige påtalemakta

II.

B

(advokat Tor Kjærvik)

mot

Den offentlige påtalemakta

III.

C

(advokat René Ibsen)

mot

Den offentlige påtalemakta

IV.

Den offentlige påtalemakta

mot

A

(advokat Mehvish Taj Haider)

B

(advokat Tor Kjærvik)

C

(advokat René Ibsen)

sagt slik

ORSKURD OG VEDTAK :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens sakshandsaming og straffutmåling i sak om brot på straffelova 1902 § 219.
- (2) C, A og B vart 12. februar 2016 tiltalte for brot på straffelova 1902 § 219 for krenkingar mot As ektefelle D og deira felles son E. C og B er As foreldre.
- (3) Oslo tingrett sa dom 16. juni 2016 med slik domsslutning:

- "1. B, født 00.00.1968, frifinnes for tiltalebeslutningens post b.
2. C, født 00.00.1966, dømmes for to overtredelser av straffeloven (1902) § 219 annet ledd jf. første ledd sammenholdt med straffeloven (1902) § 62 første ledd til fengsel i 2 – to – år og 6 – seks – måneder. Varetekt kommer til fradrag med 3 – tre – dager jf. straffeloven (1902) § 60.
3. A, født 00.00.1988, dømmes for to overtredelser av straffeloven (1902) § 219 annet ledd jf. første ledd sammenholdt med straffeloven (1902) § 62 første ledd til fengsel i 2 – to – år og 6 – seks – måneder. Varetekt kommer til fradrag med 3 – tre – dager jf. straffeloven (1902) § 60.
4. B, født 00.00.1968, dømmes for en overtredelse av straffeloven (1902) § 219 annet ledd jf. første ledd til fengsel i 1 – ett – år og 1 – en – måned. Varetekt kommer til fradrag med 3 – tre – dager jf. straffeloven (1902) § 60.
5. B, A og C dømmes in solidum til å betale oppreisningserstatning til D med 200 000 – tohundretusen – kroner innen to uker fra dommens forkynnelse.
6. Sakskostnader idømmes ikke."

- (4) Både C, A, B og påtalemakta anka dommen. Borgarting lagmannsrett sa 31. juli 2017 dom med slik domsslutning:

- "1. C, født 00.00.1966, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 219 andre jf. første ledd, sammenholdt med straffeloven (1902) § 62 første ledd, til fengsel i 8 – åtte – måneder. Til fradrag i straffen går 3 – tre – dager for utholdt varetektsfengsel.
2. A, født 00.00.1988, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 219 andre jf. første ledd, sammenholdt med straffeloven (1902) § 62 første ledd, til fengsel i 8 – åtte – måneder. Til fradrag i straffen går 3 – tre – dager for utholdt varetektsfengsel.
3. B, født 00.00.1968, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 219 andre jf. første ledd, sammenholdt med straffeloven (1902) § 62 første ledd, til fengsel i 8 – åtte – måneder. Til fradrag i straffen går 3 – tre – måneder for utholdt varetektsfengsel.
4. C, A og B dømmes, én for alle og alle for én, til å betale oppreisning til D med 50 000 – femtitusen – kroner med tillegg av rente etter forsinkelsesrenteloven fra forfall til betaling skjer.
5. C, A og B dømmes, én for alle og alle for én, til å betale oppreisning til E med 50 000 – femtitusen – kroner med tillegg av rente etter forsinkelsesrenteloven fra

forfall til betaling skjer.**6. Oppfyllelsesfristen for domsslutningen pkt. 4 og 5 er to uker fra forkynnelse av dommen."**

- (5) Dommen vart sagt under dissens. Ein lagdommar og ein meddommar stemte for frifinning av alle dei tre tiltalte. Både C, A, B og påtalemakta har anka dommen til Høgsterett.
- (6) C har anka over sakshandsaminga. Det er påstått at lagmannsretten har misforstått delar av provføringa, at domsgrunnane er uforståelege og mangelfulle, og at det var sett av for kort tid til ankeforhandlinga i lagmannsretten.
- (7) B og A har anka over sakshandsaminga og slutta seg til Cs anke. I tillegg har B gjort gjeldande at hennar forsvarar fekk for kort tid til prosedyren i lagmannsretten. A har i tillegg gjort gjeldande at ein av meddommarane lo under prosedyren til forsvararen hans.
- (8) A har i tillegg anka over lagmannsrettens provvurdering og subsidiært over straffutmålinga, samt kravd ny handsaming av dei sivile krava.
- (9) Påtalemakta har anka over straffutmålinga for alle dei tre tiltalte. Det er gjort gjeldande at lagmannsretten har tatt utgangspunkt i eit for lågt straffenivå og ikkje har lagt nok vekt på den psykiske valden ved fastsetjinga av straffa.
- (10) *Høgsteretts ankeutval* viser til at B vart frifunnen i tingretten for straffbare forhold mot den eine fornærma, E. I lagmannsretten vart ho også domfelt for brot på straffelova 1902 § 219 for handlingar mot E. Ho har difor ankerett for tiltalepunktet som gjeld mishandling av barnebarnet, jf. straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum, jf. andre ledd andre punktum.
- (11) Bs anke gjeld berre sakshandsaminga. Ingen av ankegrunnane er knytt særskilt til hennar forhold eller det konkrete tiltalepunktet som ho vart frifunne for i tingretten.
- (12) B har for det første påstått at lagmannsretten har misforstått delar av provføringa og at domsgrunnane difor er uforståelege og mangelfulle. For det tiltalepunktet som ho har ankerett for, går det klart fram i lagmannsrettens dom at fleirtalet meiner at dei tre tiltalte var saman om krenkinga av E. Bs rolle er rett nok ikkje drøfta særskilt, men hennar og ektefellens samla rolle i mishandlinga er drøfta i lagmannsrettens premissar. Ankeutvalet kan ikkje sjå at lagmannsrettens domsgrunnar er uforståelege eller mangelfulle på dette punktet.
- (13) For det andre har B gjort gjeldande at det var sett av for kort tid til ankeforhandlinga i lagmannsretten. Tidsramma i lagmannsretten – 6 dagar – var den same som i tingretten, og vart fastsett i samråd med forsvararane. Det er ikkje noko i rettsboka som tyder på at Bs forsvarar fekk for liten tid knytt til tiltalepunktet overfor E. Ankeutvalet kan difor ikkje sjå at det ligg føre nokon slik sakshandsamingsfeil.
- (14) B har for det tredje gjort gjeldande at hennar forsvarar fekk for kort tid til prosedyren i lagmannsretten. Det er ikkje peikt på kva for moglege sentrale tema som forsvararen i så fall ikkje rakk å handsame. Ankeutvalet kan heller ikkje sjå at dette utgjer ein sakshandsamingsfeil.

- (15) På denne bakgrunnen finn ankeutvalet det samrøystes klart at Bs anke over sakshandsaminga ikkje kan føre fram, jf. straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum.
- (16) Ettersom påtalemaktas anke over straffutmålinga, C og As anke over sakshandsaminga og As subsidiære anke over straffutmålinga korkje gjeld spørsmål som har tyding utanfor saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka prøvd i Høgsterett, finn ankeutvalet samrøystes at det ikkje blir gjeve samtykke til ankehandsaming, jf. § 323 første ledd andre punktum.
- (17) As anke over provvurderinga under skuldspørsmålet må avvisast, jf. straffeprosesslova § 306 andre ledd.

S L U T N I N G :

1. As anke over provdøminga blir avvist.
2. Elles blir ankane over straffekravet ikkje tillatne fremja.

Per Erik Bergsjø
(sign.)

Magnus Matningsdal
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Riktig utskrift: